

---

**Saknr:** 2020/47238-2  
**Saksbehandlar** Merethe Helland Nordnæs  
**Dato:** 07.04.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Orientering om høyringar frå Samferdselsdepartementet og Justisdepartementet med kort høyringsfrist som følgje av Covid 19

Vestland fylkeskommune har motteke tre høyringar med kort høyringsfrist som følgje av Covid 19.

I Reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.7 er det fastsett at:

*«Fylkesutvalet tek avgjerd i saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ».*

Kompetansen til å gje høyringsuttale ligg såleis til fylkesutvalet. Men slik situasjonen var, då desse høyringane vart motteke av Vestland fylkeskommune, var det ikkje mogeleg for fylkesutvalet å gje ein høyringsuttale innan den korte fristen sett av departementa.

Fylkesutvalet vert med dette orientert om at det har kome tre høyringsbrev, med invitasjon til å kome med høyringsuttale:

### 1. Frå Samferdselsdepartementet fredag den 27.03.2020:

**Offentlig høring med kort frist - midlertidig forskrift til koronaloven om billettering på ferjer etter yrkestransportlova. Høyringsfrist: måndag den 30.03.2020 kl. 9.00.**

Samferdselsdepartementet skriv: «Samferdselsdepartementet viser til Stortingets vedtak til midlertidig lov om forskriftshjemmel for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av Covid-19 mv. (koronaloven), jf. Prop. 56 L (2019-2020) og Innst. 204 L (2019-2020). Loven gir Kongen i statsråd myndighet til å fastsette midlertidige forskrifter som utfyller, supplerer eller fraviker bla. Yrkestransportlova, så langt det er nødvendig for å ivareta lovens formål. Samferdselsdepartementet foreslår i vedlagt høyringsnotat en midlertidig forskrift om billettering på ferje med hjemmel i koronaloven».

Skyss/Kringom hadde ikkje merknader til tiltaka som vart foreslått i forskrifta.

### 2.Frå Samferdselsdepartementet fredag den 27.03.2020:

**Høring - utvidet gyldighet for kjøreseddel etter yrkestransportloven - med hjemmel i koronaloven. Kort høyringsfrist. Høyringsfrist: mandag den 30.03.2020 kl. 16.00.**

Samferdselsdepartementet skriv: «Samferdselsdepartementet viser til Stortingets vedtak til midlertidig lov om forskriftshjemmel for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av Covid-19 mv. (koronaloven), jf. Prop. 56 L (2019-2020) og Innst. 204 L (2019-2020). Loven gir Kongen i statsråd myndighet til å fastsette midlertidige forskrifter som utfyller, supplerer eller fraviker bla.

Yrkestransportlova, så langt det er nødvendig for å ivareta lovens formål.» «Forskriften fastsettes med hjemmel i koronaloven § 2.»

Det vart og vist til at den korte høyringsfristen var grunna i forvaltningslova §37 fjerde ledd A, det er viktig å sørge for kontinuitet i persontransporta og at det ikkje vert mangel på sjåførar fordi køyresedlar ikkje vert forlenga.

Samferdselsavdelinga har ikkje gjeve høyringsuttale. Samferdselsavdelinga fann forslag til forskrift kurant og slutta seg til den.

### **3.Frå Justisdepartementet søndag 29. mars 2020**

**Høring – forslag til midlertidig forskrift om byggverk om byggverk for innkvartering av asylsøkere som følge av Covid 19. Høyringsfrist: mandag 30. mars kl. 22.00.**

Justisdepartementet skriv: *«Justis- og beredskapsdepartementet sender med dette ut på høring forslag til midlertidig forskrift om byggverk for innkvartering av asylsøkere som følge av Covid 19. Forskriften vil bli gitt med hjemmel i midlertidig lov 27. mars 2020 nr. 17 om forskriftshjemmel for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av Covid 19 v.» «Staten er forpliktet til å gi utlendinger som søker beskyttelse (asylsøkere) et tilbud om innkvartering, jf. Utlendingslova § 95.»*

Eigedomsavdelinga har ikkje gjeve høyringsuttale. Det vert vist til at fylkeskommunen har inga rolle i slike saker.

Vedlegg:

- Midlertidig forskrift om billettering på ferjer på ferjer etter yrkestransportlova.
- Forskrift om utvidet gyldighet for kjøreseddel etter yrkestransportlova.
- Midlertidig forskrift om byggverk for innkvartering av asylsøkere som følge av Covid 19.